



RADØY KOMMUNE
AUSTEBYGD BARNEHAGE
Slettevegen 872, 5939 SLETTA

Sletta, juni 2019

Til heimane.

VELKOMMEN TIL AUSTEBYGD BARNEHAGE TIL HAUSTEN - SMÅ OG STORE!

Barnehagen startar opp barnehageåret 19/20, med **onsdag 15.august som første dag for borna**. Personalet begynner måndag 13. og tirsdag 14. august med to planleggingsdagar. Sjå også vedlagde skule- og barnehagerute for Radøy kommune..

NYE BARNEHAGEBARN: OVERGANG HEIM / BARNEHAGE.

Overgang frå heim til barnehage kan vera vanskeleg for mange barn. Det er difor viktig å leggja tilhøva til rette slik at borna gradvis kan venna seg til det nye miljøet med mange ukjende ansikt. Me vil difor rå til at foreldra eller andre nære er ei tid i barnehagen saman med borna dei første dagane. Dei nye borna bør og få tilpassa seg med ei kortare opphaldstid dei første dagane.

Dersom barnet grin eller er redd når du/de forlet det: Hugs at dette er ein normal reaksjon som vil forsvinna med støtte og omsorg frå dei som kjem til å vera med barnet kvar dag. Etter dei første dagane, er det best at du/de gjer «morgon-adjøane» korte: Hjelp barnet med å pakka ut ranselen, ta av jakke og sko. Snakk om kvar du/de skal når du/de går, og når du/de kjem tilbake. Sjølv om barnet grin, er det viktig at barnet ser at mor / far syner at dei er trygge for barnet.

TIDER.

Barnehagen si ordinære opningstid er frå kl. 07.30 til kl. 16.30, men me gir tilbod om event. å opna kl. 07.00 for dei som treng dette. Her krevst det skriftleg påmelding. Ingen kan uansett gå meir enn 9 timar kvar dag.

Kjernetida i barnehagen er kl. 09.00 - 14.00. Det er ein fordel at alle borna er i barnehagen i denne tida. I kjernetida føregår dei tilrettelagde aktivitetane: Formings- og tema-aktivitetar, samlingsstunder, måltida, turar, o.s.b. Dersom born kjem i barnehagen midt i gjennomføringa av slike felles-aktivitetar, vert det lett uroleg og kan skapa problem både for det enkelte barn – og for det arbeidet personalet har planlagt i kjernetida. Personalet sitt mål om alltid å ta i mot borna og foreldra i garderoben, vert også mykje vanskelegare dersom barnet først kjem i den tida personalet har starta opp med planlagde gjeremål og er opptatt i lag med ungene. Dersom barnet likevel kjem etter kl. 9.00, t.d. grunna tannlege-, legebesøk eller anna, *gje då personalet beskjed om dette på førehand.* **Viktig at de alltid ringer eller melder frå på Vigilo dersom barnet vert borte frå barnehagen, t.d. på grunn av sjukdom.**

Meld også frå på førehand om det er andre enn foreldra som skal henta barnet.

INFORMASJONSSKRIV m.m.

Barnehagen brukar programmet VIGILO som ein to-vegs informasjonskanal mellom foreldra og barnehagen. De kan logga inn på Vigilo via PC eller appen «Vigilo foresatt barnehage». Det kan vera lurt å logga inn via PC-første gongen du tar dette i bruk. Her kan de m.a. melda frå om barn er sjuke, eller gi andre beskjedar. Personalet vil leggja ut litt frå kvardagen samt månadsplanar og ulike infoskriv på Vigilo. Dersom de ikkje får logga dykk inn så ta kontakt med barnehagen snarast. Det kan også koma noko informasjon på oppslagstavla i barnehagen. Av og til treng personalet å koma i kontakt med foreldra i løpet av dagen. Gje difor beskjed dersom de ikkje vert å treffa på dei telefonnummera som er oppgitt til barnehagen.

MÅLTIDER.

Barnehagen har to faste måltid for dagen: Hovudmåltid ca. kl. 11.00 og frukt ca. kl. 14.30. I tillegg er det høve til å eta frukost fram til kl.09.00: Borna bør vera i barnehagen til kl. 08.30 om dei skal få god nok tid til å eta frukost her.

Til frukosten må borna ha med eigen matpakke og me ynskjer at den er med sunt pålegg.

Barnehagen kjøper inn mat, mjølk og frukt, og borna får eit smørje-måltid eller eit varmt måltid ved hovudmåltidet midt på dagen. **Me har fokus på eit sunt og variert kosthald i kvardagen. Også ulik feiringar/markeringar vil til vanleg bli gjennomførte utan servering av søt og feit mat og søt drikke.**

Me har smørjemåltid alle dagar utanom turdagen. (Varm mat ein dag i veka). Desse måltida vert finansiert av dei månadlege matpengane som dekkjer smørjemåltid, middagar, mjølk, frukt, fødseldagsfeiringar, baking, o.l.

Kommunestyret vedtek betalingssatsane.

Frå 01.01.19 er matpengane for 5 dg/plass kr. 370,- pr. måned.

De vil få tilsendt bankgiroar frå Radøy kommune/Økonomikontoret på foreldrebetalinga og på matpengane.

GEBYR VED FOR SEIN HENTING.

Radøy kommunestyre har vedteke det skal krevjast inn eit gebyr på *kr.100,- pr. påbegynt halvtime* ved for sein henting i barnehagane og på SFO.

DETTE MÅ DE SENDA MED BARNET I BARNEHAGEN:

1. To ekstra klesskifte: Undertøy, sokkar, strømpbukse, gensar, bukse.
2. Innesko: Sandalar er fine å bruka til innesko! (**Ikkje crocs** – dei er farlege å bruka om det er vått på golvet!) (*Viktig at det alltid vert brukt innesko, både p.g.a av innemiljøet, og sidan golva kan vera glatte.*)
3. Bleier dersom barnet brukar det (men **IKKJE** trusebleier).
4. Niste til frukost - om barnet et dette måltidet i barnehagen.
5. Regnkledde (jakke, bukse, støvlar og vinterdress/vårdress)

NB! Ver snill å sjå til at alt tøy de sender med i barnehagen er merka med namnet til barnet.

BILKØYRING VED LEVERING OG HENTING I BARNEHAGEN.

- Det er **KUN** tillatt å køyra opp på skuleplassen ved levering når barnehagen startar om morgonen. Ein må då vera tidleg ute, og bilen må vera nede på parkeringsplassen att seinast kl. 07.40.
- I oktober 2015 vart det i møte ml. FAU i barnehagen + SFO og styrar/ rektor avtalt å opna for oppkøyring på skuleplassen ved henting – frå kl. 15.30 – i perioden frå 1.november og ut februar månad. Dette vert vidareført også i 19/20.
- For tryggleiken til elevane og barnehageborna, ber me om at de ryggar bilen inn mot gjerdet på skuleplassen når de parkerer, både ved henting/levering.
- Ved henting om ettermiddagen er det er elles i året ikkje tillatt å køyra opp.
- Foreldre må parkera nede på parkeringsplassen ”for gjestar”. **IKKJE** parker i bakken verken ved levering eller henting!
OBS! Den nye parkeringsplassen er personalet sin parkeringsplass!



Porten inn til skuleplassen skal vera stengt frå kl. 07.40 og resten av dagen. Det er viktig at reglane for bilkøyringa og kor ein skal parkera vert respekterte, sjølv om porten av ein eller annan grunn skulle stå open!

Andre viktige påminningar for tryggleiken til elevar og barnehageborn:

Køyr alltid sakte! Det nye lagertilbygget på skulen gjer at det no er mykje mindre oversiktleg enn tidlegare når ein køyrer inn på skuleplassen

For tryggleiken til borna i barnehagen og på SFO: Gå aldri frå bilen på skuleplassen eller på parkeringsplassen med motoren i gang eller bilnøklane i, når de skal levera eller henta borna dykkar.

Desse avgrensingane har me kun med eitt mål for auga:

Å SIKRA TRYGGLEIKEN TIL DINE - OG ALLE ANDRE SINE BORN!

SAMARBEID MED SKULEFRITIDSORDNINGA PÅ SKULEN.

Barnehagen samarbeider med skulefritidsordning (SFO), om morgonen før skulestart, og frå kl. 15.30 på ettermiddagen. Elevar som skal på morgon-SFO (frå kl. 07.30), møter alltid opp i barnehagen når dei kjem.

PERSONALET I BARNEHAGEN.

Dei som skal arbeida i Austebygd barnehage komande barnehageår:

Pedagogisk leiar: Magnhild Nøttveit	(100 %)	tlf. priv. 911 77 832
Pedagogisk leiar: Iren Vestheim	(100 %)	tlf. priv. 480 56 097
Barnehagelærer: Mette Rosenlund	(80 %)	tlf.priv.
Barne- og ungd.arbeidar Ingrid Rikstad	(100 %)	tlf. priv. 950 08 082
Barne- og ungd.arbeidar Janne-Marie Rath	(80 %)	tlf. priv. 984 472 21
Barne- og ungdomsarbeidar: Sissel Soltveit	(60 %)	tlf. priv. 478 15 855

Styrar: **Vigdis Villanger** tlf. priv. 40206567

Inspektør **Linn Merethe Myrtveit** tlf. priv. 92644342

Styrar og inspektør har arbeidsområda sine tilknyta både barnehagen og skulen.

Gje eit ord til *Vigdis* eller *Linn Merethe*, eller direkte i barnehagen om barnet ditt vil starta opp litt seinare enn den ordinære barnehagestarten 15. august.

Dersom de har spørsmål, er det berre å kontakta oss!

Tlf. Austebygd barnehage: **56349142** Mobil: **40807620**

Tlf. Austebygd skule: **56349145**

Vigdis og *Linn Merethe* har kontor på skulen - og er til vanleg lettast å nå på tlf **56349145**

ØNSKJER ALLE EIN GOD SOMMAR!



Med venleg helsing

Vigdis Villanger

VEDLEGG:

Barnehage- og skulerute for 19/20

Ferie og fridager for skular og barnehagar 2019-2020

- Elevfrie dager i grunnskolen
- Barnehagenes planleggingsdager (barnehagene stengt)
- Elevfri dag og SFO stengt

august 2019

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14	15	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

SFO-start torsdag 1. august
 Planleggingsdagar barnehage og skule 12. og 13. august
 Skulestart torsdag 15. august
 Start barnehageåret 14. august

september 2019

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
35							1
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26	27	28	29
40	30						

oktober 2019

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
40		1	2	3	4	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	18	19	20
43	21	22	23	24	25	26	27
44	28	29	30	31			

Hautferie for skular 7. - 11. oktober

november 2019

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44					1	2	3
45	4	5	6	7	8	9	10
46	11	12	13	14	15	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24
48	25	26	27	28	29	30	

Elevfri, SFO og barnehagar stengt 8. november

desember 2019

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
48							1
49	2	3	4	5	6	7	8
50	9	10	11	12	13	14	15
51	16	17	18	19	20	21	22
52	23	24	25	26	27	28	29
1	30	31					

Siste skuledag før juleferien 20. des.
 SFO stengt 27., 30. og 31. desember

januar 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
1			1	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		

Første skuledag etter juleferien 6. januar
 Elevfri, SFO og barnehagar stengt 31. januar

februar 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5						1	2
6	3	4	5	6	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28	29	

Vinterferie for skule 24.- 28. februar

mars 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9							1
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

april 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
14			1	2	3	4	5
15	6	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			

Påskeferie for skule 6. - 13. april

mai 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
18					1	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

Offentleg høgtidsdag 1. mai
 Kr. himmelfartsdag 21. mai
 Elevfri, SFO og barnehagar stengt 22. mai

juni 2020

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

2. pinsedag 1. juni
 Siste skuledag før ferien 19. juni
 Siste SFO-dag før ferien 30. juni

MERKNADER:
 Oppstart og avslutning av skoleåret kan ikkje endrast lokalt. Planleggingsdagane 8. november og 31. januar er felles for Nor dhordlandskommunane. Nordhordland kompetanseregion tilbyr kurs desse dagane.
 Siste skuledag før jul og sommar føl skuleruta. Skulane sluttar desse dagane etter 4. time eller slik at det høver med samord ning av skuleskys. Avkorta dag før jul og sommar er å sjå på som undervisning for kveldarrangement gjennom skuleåret.

